

Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 3

Arna April 1972

5. årgang

Skriv i hugen min

*Jesus, skriv ditt namn i hugen!
Ver du konge i mitt sinn,
so du alltid taust og trugen
meg i helg og kvardag finn.
Denne innskrift på meg set:
Jesus utav Nasaret,
den krossfeste all mi æra
og mi ævevon skal vera.*

Ved Eirik Skjerve

Jesusrevolusjonen til Norge

Dei står og syng, spelar gitar og klappar i hendene, glede og kjærleik lyser or andleta deira. «Du må bli eit barn for å koma til himmelen», syng dei, melodien er fengjande. Tretten er dei i talet, dei fleste med langt hår og fargerike klede som har sett sine beste dagar. Dei fleste av dei har vore narkomane, enkelte har vore sprøytenarkomane i 6-7 år og har slutta med «stoff» berre nokre dagar i førevegen. No kallar dei seg revolusjonære; dei vil fortelja alle dei møter at Jesus kan skapa revolusjon i alle menneske som vil ta i mot hans tilbod om kjærleik og tilgjeving, slik som han har gjort hjå dei.

Det heile starta i U.S.A. for nokre få år sidan. Ei gruppe unge kristne tok Kristus på ordet, selde alt dei åtte og tok til å leva saman med hippie-ungdom i parkar og forfalne gamle hus. Dei fortalde om Guds kjærleik og tilbod og at det var det dei ville leva for. Det var fleire som ville leva for dette; dei flytte saman i koloniar, der dei studerte bibelen, arbeidde og praktiserte kristent fellesskap slik dei første kristne gjorde. Frå koloniane spreidde dei misjonærar som forkynte på gater, i nattklubbar, overalt der dei slapp til.

Det har spreidd seg svært så fort, nye koloniar starta opp i land over heile verda, ein av dei nyaste er kolonien i Oslo. Denne kom i gang ved at 13 ungdomar frå kolonien til Children of God, i Skillingfors, like over grensa til Sverige, kom til Oslo. Dei hadde ingen stad og bu, ikkje pengar, alt dei hadde var ei sterk tru og masse kjærleik og glede som dei gjerne ville dela med andre. Dei var rundt på fleire skular der dei song og fortalde om Jesus, ofte fleire timar i strekk, utan at nokon kjeda seg av den grunn. Så tok dei inn i ein knøttliten kjellar der mange av dei hardaste «stoff»-misbrukarane i landet heldt til og fortalde at Jesus var betre enn den beste rus. Bodskaopen dei forkynte i tillegg til gleda og kjærleiken dei utstrålte nådde fram. Fleire braut med narkotikaen og fylgde dei.



Ei gruppe frå «Children of God» syng og forkynner.

Men dei trong hus, så bad dei Gud om det, og fekk det etter nokre dagar.

Denne måten å be på er svært typisk for dei, dei ber om gardiner, mat, i det heile alt dei treng, og dei får det. Dei er villige til å satsa heile livet sitt for å gjera Guds vilje, men då ventar dei og at Gud tar seg av dei og gjev dei det dei treng, og dei blir ikkje skuffa. Dei har alltid mykje å takka for.

Når eit menneske bestemmer seg for å bli kristen og flytta saman med dei, vert han eller ho fyrst hendt til kolonien deira i Skillingsfors for å studera bibelen og samla krefter til å venda attende til det miljøet han eller ho kjem frå for å forkynna. Dei lever intenst, heile dagen studerer dei bibelen, ber, arbeider med praktiske gjere-mål, eller forkynner. Men det verkar ikkje som det gjer dei noko, dei har alltid tid til å slå av ein prat, dei verkar alltid vennlege

og glade. I det heile er dei ein herleg avveksling i ein storby full av travle, stressa og sure menneske.

Ein kan stilla enkelte spørsmål ved måten dei tolkar bibelen på, og ved synet mange av dei har på samfunnsspørsmål. Likevel trur eg vi har mykje å læra av dei, av deira tillit til Gud, av deira takksemd, glede og kjærleik, og fyrst og fremst av vilje til å ta si tru alvorleg, og ikkje berre læra henne, men leva henne.

R. T.

Helsing til konfirmantane

«Mine kjære born! Dette skriv eg til dykk så de ikkje skal synda. Men om nokon syndar, har vi ein målsmann hjå Faderen: Jesus Kristus, den Rettferdige. Han er soning for syndene våre, ja, ikkje berre for våre, men for alle i helle verda.» 1. Joh. 2, 1-2.

Dette skal vera mi helsing til dykk som er konfirmantar dette året. Gjennom kon-

firmandåret har vi peika på han som tilgjev synder: Jesus Kristus. Han er interessert i kvar einskild av oss, og han kjenner oss betre enn vi gjer sjølve. Til han får vi alltid gå med alle ting. Somme av dykk har fått augo opp for kor verdfullt det er å ha eit rett tilhøve til Jesus, andre har kanskje ikkje fått syn for dette enno. Til dykk alle vil eg seia: ta vare på det du fekk i dåpen: barnekår hos Gud. Du vart eit Guds barn. Livet vil visa dykk alle at dette er ein kosteleg skatt.

Kvar dag som ligg framfor oss, er ei utfordring til oss. Nye og ukjende oppgaver ventar på oss. Prøv å realiser di kristen tru kvar dag. Finn den livsforma som høver for deg. Nøy deg ikkje berre med å ta etter gamle seder og skikkar. Men lat alt som vert ditt, få bera preg av di kristne tru. Lukke til!

H. Haugsvær.

Konfirmantar

i Arna kyrkje søndag 16. april

GUTAR:

Svein Erik Aksellberg, Ingvard Brekke, Karl Bregge, Geir Brurås, Tore Bruåsdal, Kåre Bøe, Kjell Dalseth, Torgeir Dolvik, Roald Eliassen, Geir Tverlid Espeland, Roar Faugstad, Tom Faannesen, Hans Arthur Gjerde, Knut Åge Greve, Atle Haugvik, Norvald Hemre, Øystein Holmedal, Arne Kåre Holsen, Norvald Hovland, Olav Høy-sæther, Bjørn Jørgensen, Kjell Lohne, Ove Madsen, Audun Mjelde, Ole Steinar Mjell, Per Erik Mykkeltvedt, Roald Nilsen, Olav Edvin Pedersen, Terje Romslo, Ragnar Rognved, Edvard Rundhovde, Per Henning Thomsen, Geir Thornquist, Bjørn Jarle Thunes.

JENTER:

Svanhhild Alvær, Torild Blomstrand, Irene Daviknes, Jorunn Edland, Ingebjørg Eide, Rita Eide, Trine Erdal, Sissel Espeland, Gunn Reidun Fjeld, Marit Rogne Flatås,

Hilda Fredriksen, Eldbjørg Gismervik, Annbjørg Håøy, Anne Elisabeth Jensen, Elin Johansen, Magnhild Kallekleiv, Anne Helene Karlsen, Erna Korsvold, Karin Kåstad, Signe Lian Gunn Mjelde, Marit Mjelde, Marianne Karin Mork, Nina Margrethe Ny-veit, Ingvild Næss, Ingunn Opedal, Margunn Rognved, Ragnhild Solberg, Tove Solberg, Jane Skaftun, Gro Skaar, Bodil Svangtun, Gunn Jane Thorbjørnsen, Berit Karin Vik.

34 gutar — 34 jenter.

Konfirmantar

i Arna kyrkje søndag 23. april.

GUTAR:

Dag Atle Angel, Ottar Angelskår, Eivind Duesund, Jan Erik Erdal, Jan Henrik Gaarder, Øystein Hage, Terje Halvorsen, Rune Hammersland, Terje Hammersland, Gunnar Hanse, Jan Havre, Torolf Herland, Kåre Kvalvåg, Harald Larsen, Geir Lohne, Jan Dagfinn Midtun, Erling Minde, Frank Kåre Minde, Rolf Minde, Reidar Minde, Ove Nesse, Alf Bjarne Nævdal, Ole Knut Olsen, Leif Risnes, Nils Inge Romslo, Dagfinn Skjoldal, Jan Oddvar Skulstad, Ove Skulstad, Frode Skurtveit, Dag Stien, Sigfred Tellnes, Jan L. Thunes, Nils Andre Thunes-tvedt, Gunnar Unneland, Jan Rune Vassdal.

JENTER:

Marit Arnesen, Elin Borge, Grethe Borge, Kjersti Brattåker, Tove Bruvik, Ase Bruvik, Sølvi Dahl, Bente Helen Hansen, Tordis Elisabeth Hauge, Eldbjørg Herfindal, Else Norunn Hope, Berit Jacobsen, Anne Kvalvik, Svanhild Kvalvik, Rita Korneliussen, Kari Ann Kornen Ness, Inger Elin Nævdal, Jorunn Olsnes, Jannicke Rokne, Ase Rolland, Liv Marit Rosvold, Astrid Skulstad, Anny Sleen, Else Skaar, Kjersti Margrethe Tunes, Aunn Tverlid.

35 gutar — 26 jenter.

Jesus vann og eg har vunne

Israelsfolket heldt kvart år påskefest til minne om utferda frå Egypt. Festen varte i sju dagar. Somme meiner å kunna påvisa, at denne festen hos Israel er eldre enn Moses og har difor vore til før hans tid. Det har vore hevda at festen før Mose-tid var ein nomadefest som vart halden for å få velsigning over buskap og marker. Men kva festen kan ha betydd før Mosetid, vedkjem ikkje Israel. For dei var det minnet om utferda frå Egypt festen inneheldt.

Kvart år vart nye påskelam slakta. På den måten oppfriska og gjenopplevde dei det som hadde hendt i Egypt hi minnerike natta. Blod frå påskelammet vart smurt på dørstokkane, og brødet dei åt, var usyrt nett slik Herren hadde sagt det skulle vera. Det usyra brødet skulle minna folket om kor snøgt utferda frå Egypt kom på. Folket fekk ikkje tid å la brødet bli syrt.

Blodet frå påskelammet berga Israel frå det fælslege som hende egyptarane denne natta: eldsteguten i kvar heim vart drepen. Herrens straffedom råka mange egyptarheimar. Men der domsengelen såg blod på dørstokkane, gjekk han framom. Blodet frå offerlammet berga liv. Det skuldlause lammet let livet i staden for eldsteguten.

Når vi i den kristne kyrkja held vår påskefest, har også vi eit påskelam å minnast. Vårt påskelam er Jesus Kristus. Påskelammet i den gamle pakta var eit førebilete på Jesus Kristus.

Jesus hadde fleire gonger sagt til læresveinane at han måtte lida og døy. Dette fekk dei lite tid å rima: at han, Herren deira, skulle gå frå dei slik! Peter prøvde enda å få Jesus bort frå slike tankar. Men Jesus visste at dersom han ikkje tok dette på seg, ville han ikkje opna vegen for menneska til

Gud. Difor måtte han gjennom døden. Han måtte ta på seg alle menneske si straff for synd.

Men før læresveinane skulle oppleve den tunge veka — at meistaren deira vart teken til fange og krossfest — fekk dei oppleve han som konge. Det hende palmesundag. Då ropa alla «Hosianna» til Jesus og gav han stor ære.

Den gamle påskefesten var levande i Israel på Jesu tid. Denne festen ville Jesus feira saman med læresveinane sine. Han sende difor to av læresveinane sine inn til Jerusalem for å stella i stand påskemåltidet. Jesus visste at dette vart siste samlinga saman med læresveinane før han vart teken til fange. Då er det noko særst viktig han har å seia dei: De må tena kvarandre! Joh. 13, 3-10. Same kvelden set han og inn nattverden, eit minnemåltid og styrkemåltid for alle Jesu læresveinar i den kristne kyrkja.

Det som vidare hender med Jesus, har eit mørkt sjer over seg. Ikkje fordi Jesus syner veikskap eller er redd for det som skal henda, men fordi ein av hans eigne svik han. Judas Iskariot går frå venene sine på salen og ut i mørke natta. Han går til øvsteprestane og dei skriftlege og vert leiar for dei som grip Jesus og krossfestar han.

Jesus sjølv veit at no nærmar den vonde timen seg. Difor treng han kraft frå sin himmelske far. Saman med læresveinane legg han vegen til Getsemanehagen. Her tek han tre av læresveinane med seg noko lenger inn i hagen. Han vil dei skal vaka og be saman med seg. Men dei sovnar. I den tyngste stunda i sitt liv på jord måtte Jesus stå åleine. Alle sveik han. Men Jesus gav ikkje opp. Han strei i bøn så sveitten

Korleis får vi tru?

Kvifor er Bibelen skriven? Han er skriven for at vi skal komma til tru på Jesus Kristus og ved denne trua ha liv i hans namn, Joh. 20,31. Det er viktig å komma til tru på Jesus Kristus. Trua på Jesus Kristus er einaste vegen til evig sæle. «Så høgt elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal fortapast, men ha evig liv.» Trua på Jesus fører inn til livssamfunn med Gud.

Kva er å tru? Det er å vedstå for seg sjølv og andre at ein ikkje kan makta å nå fram til Gud ved eige hjelp. Synda mi stenger meg ute frå livssamfunn med skaparen min. Trua tek mot den frelsande handa Gud rettar meg gjennom Jesus. Eg går til Jesus med mi synd og ber om tilgjeving, og Gud tilseier meg syndeforlating. «Sannar vi syndene våre, då er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss frå all synd.» 1. Joh. 1,9. «Han med nåden, jeg med skammen, O hvor vi dog passer sammen!»

Eg får ikkje til å tru, seier du. Nei, kan henda det. Men hugs at tru kan du ikkje laga sjølv. Gud må skapa tru hos deg. Berre ei tru skapt av Gud, er ei frelsande og levande tru. For tru er noko langt meir enn å halda for sant. Trua fører til handling. Vi må gjera etter det vi trur på. Gud skaper

fall som blodsdropar mot jorda. Dette gjorde han for di og mi skuld. Han ville opna vegen for oss til Gud.

Judas dukkar så opp saman med folkeleiarane. Han helsar meistaren med eit kyss — og gjev han over i soldathender. Og flokken av leiresveinar kring Jesus rømer. Peter følgjer rett nok etter, men på fråstand. No står Jesus åleine framfor Pilatus og Herodes. Ingen av hans vener står saman med han. Jesus vert utstøytt av alle.

Pilatus fann ikkje skuld hos Jesus. Likevel vart han krossfest for di dette var folket sin vilje. No var det ei anna meining om Jesus enn det hadde vore då han reid inn i Jesurusalem.

Det vart nokre vonde dagar for læresveinane etter at meistaren deira var teken frå dei og till dei fekk møta han at påskedag. Jesus hadde sagt at han skulle stå opp att etter tre dagar, men dette hadde dei visst gløymt midt i sorga. Gleda var ikkje mindre då han viste seg for dei att. No hadde han vunne over døden.

Jesus gjekk ikkje i døden for si eiga skuld, men for di og mi skuld. Han opna med det veg for oss til Gud. Vegen går gjennom Jesus Kristus. «Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Faderen utan gjennom meg». Vi skal få tru på Jesus Kristus og med det verta æveleg sæle. «Eg er oppstoda og livet! Den som trur på meg, skal leva om han så døyr, og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æva ikkje døy.» Joh. 11, 25-26.

Jesus sin siger over døden opnar for ei ny tid. Grava si gru er borte. Den lekamlege døden er overgangen til æveleg livssamfunn med Jesus. Jesu siger over død og grav er min siger. Jesus vann og eg har vunne!

H. H.

STØRRE BARNETRYGD

Barnetrygda vert no utbetalt kvar månad
La pengane gå direkte inn på konto i
ARNA PRIVATBANK. Avtal med banken
kva kontotype som passar best.
Pengane står alltid til disposisjon.
Rente opp til 5 pst. p.a.

ARNA PRIVATBANK

trua i våre hjarto når vi les og høyrer Guds ord. Sit difor ikkje heime når kyrkjeklokene kallar til gudsteneste, eller når det er samling på bedehuset eller andre stader. Gå der Guds ord vert forkynt, og da vil du få oppleva det same som mange før deg har opplevd: Gud skaper trua i hjarta ditt.

H. H.

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE:

- 27.2. Anders, foreldre: Arne Natås og Karin Wenche f. Hansen.
 27.2. Kjetil, for.: Rune Arnesen og Wenche f. Unneland.
 27.2. Heidi, for.: Olav Munch Jensen og Turid Aksnes f. Andersen.
 26.2. Stine Venset, for.: Stein Liland og Solveig f. Venset.
 6.2. Ole Jørgen Skulstad, for.: Alf Per Heggheim og Ase Margrethe f. Skulstad. (I Birkeland kyrkja.)
 19.2. Ove for.: Leif Gjesdal og Grete f. Hauge. (I Birkeland kyrkja).
 4.3. Elisabeth, for.: Bjørn Alvær og Brette f. Pedersen.
 4.3. Karianne, for.: Jan Olav Bruvik og Bodil f. Vassdal.
 4.3. Sonja, for.: Svein Inge Myhr og Kari Margrete f. Tveit.
 5.3. Endre, for.: Ingmar Ljones og Berit f. Skeie.
 19.3. Rebekka, for.: Lars Gunnar Taule og Åse Marit f. Hansen.
 11.3. Marianne, for.: Bård Kolltveit og Inger f. Havsgård. (I Birkeland kyrkja)
 25.3. Steffen, for.: Kjell Magnar Sangolt og Gunnbjørg Gerd f. Midtveit.
 25.3. Arild Knoph, for.: Magnar Lie og Eivy f. Knoph.
 25.3. Randi for.: Malfred Johannes Jørgensen og Sonja Lillian f. Larsen.

- 25.3. Ann-Kristine, for.: Erik Reknes og Sigrid f. Mjelde.
 19.3. Helene Christin, for.: Svein Skaarnes og Mai-Berit Aam f. Aam. (I Markus kyrkje).
 26.3. Marita, for.: Sigmund Opedal og Lilly Ingeborg f. Romslo.
 26.3. Hege, for.: Kåre Norvald Mæhle og Gunn f. Olsen.
 26.3. Arild, for.: Bjørn Reidar Brakstad og Ragnhild f. Thornquist.
 30.3. Frank, for.: Jan Kvalvåg og Else f. Rolland.
 30.3. Helge, for.: Øyvind Hvalen og Berit f. Larsen.

VIGDE:

- 21.1. Bjørn Liland og Jorun Karin Dybedal.
 4.3. Sigurd Djonne og Elna Mjelde.
 18.3. Kjell Johnny Ramsdal og Lillian Johanne Uglehus.
 25.3. Arnstein Johannes Gjerde og Karen Margrethe Warn Hernes.
 29.3. Ove Geir Torvund og Reidun Rolland.

AVLIDNE:

- 22.2. steinarbenkja Hilda Minde f. 1901.
 23.2. predikant, gift, Alfred Nikolai Takvam f. 1900.
 25.2. avd.sjef. h.v., gift John Ingvald Lindvik f. 1902.
 5.3. lærarstudent, ugift Svein Helge Runningen f. 1950.

Alt i bøker, papir, gramofonplater og leiker får De hos

F. BEYER
 Bok og papirhandel
 Indre Arna

Barnebøker

(Framhald frå tidl.)

Robinson Crusoe vert rekna for mønster på ei god barnebok, trass i at ho vart skriva for vaksne, og at det ikkje finst born i boka. Boka har spaning, faktisk kunnskap, og gjev rikeleg næring for fantasi og leiketrong. Tarzan-bøkene og andre av same slag, er helst eit vregjebilete av Robinson Cruso. Tarzan er draumehelten for dei som er veike, underlegne og underkua. Ei Tarzanbok gjer sikkert ingen skade, men veks ikkje barnet frå Tarzandilla, er det på avveg. Gutane må så gjerne få lesa noko spanande, men ver på vakt mot speidarløkane der patruljeføraren og gutane hans leikar detektiv og gjev ende på forbrytarbandar mykje snøggare og betre enn politiet, takk vere den geniale patruljeføraren. Slike bøker fremjar førardyrking og blind lydnad, og skader den kritiske sansen åt borna. Kor farleg *det* er, har vi eldre god greie på — og ser det dagleg. Dei beste barnebøkene vert jamnast lesne like mykje av gutar og jenter, t.d. Prøysens, Lølands bøker. Robinson Crusoe, somme av Flodnes. Men etterkvart vel jentene heller skjelmstykkebøker, i ein slags reaksjon mot trykket frå heim og skule. Dette trykket er nemleg mykje hardare mot jentene enn mot gutane, ofte så hardt at sjøive opprørstrongen vert knekt. Det er så mykje som er *upassande* for jentene, serleg er fordomen streng mot all stridshug, opposisjon og sinne. Opp sedinga tek framleis sikte på å gjere jentene «kvinnelege», passive, blide, blyge, usjølvstendige og snille, — til gagn og glede for den framtidige ektemannen. Og folke-domen fordømer den unge jente som syner noko initiativ på det seksuelle område, trass i at den seksuelle trongen vel er nok så jamsterk, og vaknar tidlegare hjå jen-

tene enn hjå gutane. Samstundes med kjønsmødninga, i 12 års alderen hjå jentene, aukar sjølvhevdingstrongen svært sterkt, men blir oftast hardsett kua. Difor les jenter gutebøker i denne alderen, for gutane har meir fridom og større vørnad. Det er den gamle tankegangen at mannen er ein gjævare skapning, som heng i. Difor må ikkje ein gut leike jenteleikar og lese jentebøker, og ein aldri så liten mann skjemst for å gjera «kvinnfolkarbeid». Svært mange jenter ynskjer å vere gut, men mest ingen gutar ynskjer å vere jenter. Til vanleg har gutebøkene betre innhald og romslegare utsyn enn ungjenteløkene. Når jentene i 12 årsalderen så gjerne les om elevar som gjer skjelmstykke så lærarar og andre autoritetar kjem i gapestokken, medan elevane «sigrar», så viser dette ein ynskedraum dei ber på — om eit opprør mot foreldre og skuledisiplin, men i milde former. Svært sjeldan vert det anna enn draum, trass i at jentene til no har vore sørgjeleg til sidesette. Dei fekk minst utdanning. 70 % av *alle kvinner* har berre folkeskulen, og 80 % av dei gifte kvinnene. I arbeidslivet får dei lægre løn for same arbeid, trass i alle lovreglar, og det er mest eit sersyn om ei kvinne får eitt eller anna off. tillitsyrke, trass i kvinnefleirtal. Denne passiviteten heng kanskje saman med det få born vel bøkene sine sjølve. Svært ofte lesestoffet ungjentene får. Vi bør hugsa a er det foreldra, tanter, venninner eller skulane som avgjer kva dei får å lesa. Og frå 12 års alderen glir jentene snøgt over i dei typiske «ungpikebøkene» som etter alt å døme er meir skadelege enn det meste av det borna elles les.

Framhald neste nr.

Skal det vera

markiser eller persienner, så ring og spør meg. Eg sel Norsk Amico heilårsmarkiser og prydpersienner, ståløy, skyvestigar og tørkestativ. Eg sel og ståløyrskyvestigar med flate røytrinn og kletørkestativ frå Ferro Stålindustri

MAGNUS BERGE

5233 Haukeland Telefon 40021

SPAREBANKEN —**Banken for innskytarane**

er skipa for å stå til teneste for Dykk, og vi ville gjerne at De kom innom banken slik at vi kunne fortelje Dykk korleis De kan nytte denne tenesta. **Velkomen i banken**

HAUS SPAREBANK**J. BERSTAD****Filial Indre Arna**

Jernvarer. Verktøy. Beslag.
Sport og camping.
Glass og steintøy.

Vakre blomar frå**Trygve Garnes gartneri**

Telefon 240401, Garnes
og utsal, Espeland Tlf. 241727

**ALT I
GRAV-
MONUMENTER****Espeland Gartneri**

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå
Telefon 40809 — Espeland

**Vår mann i Arna****Kåre Fyllingen**

har forsikring som yrke. Han kan alt i forsikring, og står til teneste med råd og veiledning

Storebrand og Idun

Adresse: Stølv. 100 B
5260 INDRE ARNA

Preikelista

2. søndag e. påske, 16. april:

Arna: Soknepresten. Konfirmasjon.
Trengeid: Res. kap.

3. søndag e. påske, 23. april:

Arna: Soknepresten. Konfirmasjon.
Ytre Arna: Res. kap.

4. søndag e. påske, 30. april:

Arna: Soknepresten. Nattverd.
Ytre Arna: Res. kap. Konfirmantverhøyring

5. søndag e. påske 7. mai:

Ytre Arna: Res. kap. Konfirmasjon.

6. søndag e. påske, 14. mai:

Arna: Res. kap. Avskilstenesta for Harald Hope.

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsfører: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —